



Kåre Leikvoll
Njøtevegen 154
5943 AUSTRHEIM

Deres ref.:

Vår ref.:

20/7144 - 3 / MEROSE

Vedtaksdato:

17.03.2020 312/20

Godkjenning fritak gjødselplan Gbnr.138/2

Administrativt vedtak. Saknr: 312/20

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.04.2025 for gnr. 138, bnr. 2 , då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld

Kåre Leikvoll har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr 138, bnr 2. Drifta er 37 vinterfore sau. Søkjer leige 12 daa innmarksbeite, 45 daa overflatedyrka og han brukar ikkje kunstgjødsel .Driftsformen er utgangardrift . Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling .Han har stort areal i høve til dyretalet. Sauene går ute hele året. Det vert ikkje nytta

gjødtsel på bruket .Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødtselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødtselplanlegging

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/7144»

Med hilsen

Roba Al Serhan
rådgjevar

Kjartan Nyhammer
avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Kåre Leikvoll

Njøtevegen 154

5943

AUSTRHEIM